



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostane og bispedømekontora

## Auka tryggleiksnivå for innlogging i Den norske kyrkja sitt medlemsregister – innføring av ID-porten

Kyrkjerådet jobbar med å sikre Den norske kyrkja sitt medlemsregister på ein betre måte, og vil no innføre det som vert kalla tofaktor autentisering (totrinns stadfesting) ved innlogging.


Om ein berre brukar eit enkeltståande passord er sjansen stor for at det kan bli stole. Eit passord kan vere lett, og enkelt å gjette. Mange nyttar same passord fleire stader, og på grunn av dette er det nok at eit av nettstadene røper det eller blir hacka for at passordet som ein nyttar til “alt” er på avvegar. Det er òg stadig vanlegare å setje opp falske nettsider i forsøk på å stele ein person sitt brukarnamn og passord. Det skjer ofte etter at ein har fått ein e-post med lenke til ei nettside. Dette blir kalla phishing. Ved tofaktor autentisering nyttar ein eingongskode i tillegg til berre passord. Dette hevar tryggleiken betrakteleg.

Kyrkjerådet finn det naudsynt å innføre innloggingsrutinar som samstundes oppfyller standarden som vert kalla tryggleiksnivå 3 for autentisering og uavviselegheit i offentleg sektor.<sup>1</sup> Kyrkjerådet har

konkludert med at ID-porten frå

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) er den beste løysinga for å oppfylle krava til dette tryggleiksnivået. ID-porten er ei felles innloggingsløysing til offentlege tenester på internett som nyttar kjente og godt etablerte elektroniske ID-ar til autentisering.<sup>2</sup>

Endringa gjer at innloggingsprosedyren til medlemsregisteret vert annleis. Når ein går til nettadressa register.kirken.no etter at endringa er implementert, vil ein bli vidaresendt til ei innloggingsside hos ID-porten. Denne vil sjå omrent slik ut (sjå biletet).



<sup>1</sup> Sjå eventuelt <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rammeverk-for-autentisering-og-uavviseli/id505958/> for meir informasjon om rammeverket for autentisering og uavviselegheit i elektronisk kommunikasjon med og i offentleg sektor.

<sup>2</sup> Autentisering inneber ein kontroll av at personen om loggar seg på faktisk er den personen han/ho utgir seg for å vere. Dette må skiljast frå autorisering, som handlar om dei rettane ein brukar har i systemet.

Sett bort frå logo og overskrift er denne innloggingssida nærmest identisk med innloggingssider hos andre offentlege etatar som nyttar ID-porten (t.d. Skatteetaten). Denne innloggingsrutinen skulle difor vere kjent for dei fleste. Ein må velje kva for ID ein ynskjer å bruke. Dei mest utbreidde elektroniske ID-ane er MinID og BankID. Dei aller fleste har fått oppretta MinID i samband med skatteoppgjer. Dersom ein ikkje har denne ID-en, er det råd å bestille den på følgjande nettadresse:

<http://eid.difi.no/nn/minid/registrere-minid-brukar>. Det er Difi som er ansvarleg for MinID. Mange nyttar BankID til innlogging i nettbank. BankID bestiller ein i den banken ein er kunde. Vi viser elles til Difi sine eigne sider: <http://eid.difi.no/nn/id-porten>. Når den vanlege innloggingsprosedyren i ID-porten er gjennomført, blir ein vidaresendt til hovudsida til registeret dersom ein er registrert i medlemsregisteret med gyldig brukartilgang.


I og med overgangen til bruk av ID-porten vert ansvaret for sjølve autentiseringa av registerbrukarane flytta over til Difi. Om ein opplever problem med å logge inn, er det viktig å skilje mellom ulike typar innloggingsproblem. Dersom det er problem med sjølve autentiseringa i ID-porten, er det Difi som skal kontaktast. Dersom sjølve autentiseringa i ID-porten er vellukka, men ein blir vidaresendt til ei side med ei feilmelding om at ein ikkje har tilgang til dette systemet, tyder dette at det ikkje er knytt ein gyldig brukarkonto i registeret til personnummeret som er autentisert i ID-porten. I slike tilfelle er det den lokale administratoren eller eventuelt Kyrkjerådet si brukarstøtte som må kontaktast.

Endringa vil bli innført så snart integreringa med ID-porten er ferdig implementert. Vi ber difor alle brukarane av Den norske kyrkja sitt medlemsregister å **sjå til at dei har den naudsynte elektroniske ID-en på plass innan 16. november 2016**. Sjølve implementeringa kan skje noko seinare, men mest sannsynleg i løpet av november månad.

Oslo, 4. november 2016



Jens-Petter Johnsen  
direktør i Kyrkjerådet



Ole Inge Bekkelund  
avdelingsdirektør i avdeling for  
kyrkjeordning